

# Fytti Ibrahim fo

Underteikna hadde ikkje særleg stor forhåpning om ei god konsertoppleving i Liaskjærshallen ein søndag kveld. *Så feil kan ein ta!*

**LIE:** Den konserten som utspela seg i over ein time i Liaskjærshallen, var så drygt god at kultursjef Lennart Fjell i Fjell kommune kan stolt setja seg ned og skriva konserthistorie i kulturboka til kommunen.

Dei tre ganske anonyme karane som entra golvet i Liaskjærshallen framføre eit knippe publikum, synte eit musikalsk momentum det skal mykje til å klara i ein slik hall på ein søndagskveld.

Dei som hadde funne vegen til Lie, angra ikkje eit sekund. Dei som ikkje fant vegen - vel synd for dykk!

**DEN DANSKE TRIOEN** er ikkje nybyrjarar i det musikalske faget. Ibrahim Electric har vore på noregsturne, og det var Lennart Fjell som fekk namna på epost. Det var Lennart Fjell & Co. som fekk dei til Sotra,


og det var Lennart Fjell som presenterte bandet då dei skulle spela søndag kveld. Ingen av delane trur eg Lennart Fjell angrar noko særleg på.

Dette er ein konsert i høve Kystbyescena, og ifølge kultursjefen sjølv, ein konsert av mange framtidige konsertar.

– Me vil syna folk kring den nye byen på Straume kva spanande ting ein kan venta seg i framtida, sa Fjell til forsamlinga.

Det som såg ut til å verta ein søndagskonsert med sindige lyttarar stille kring borda, vart eit heidrande «sjov» der kvar ein gjest måtte reisa seg og synga med dei merkelege tekstane til Ibrahim Electric.

**ETTER EIN DRYG** time var dei betalande passasjerane i Liaskjærshallen så oppglødde at dei omtrent hoppa



# or eit fyrverkeri

der dei sto, og Ibrahims besetning tok dei med vidare. Alt frå klassisk musikk til oppfunka balkanmusikk kunne ein høyra på Lie søndag.

Underteikna er overtydd om at ein framleis kan høyra dei danske tonane i veggane enno.

**MONA VINDENES VAR** ein av mange aktørar som gjorde denne kvelden mogleg. Det var Vossajazz-veteran Lars Mossefinn som gav Lennart Fjell og Co. tilbodet om Ibrahim Electric.

– Me fekk tilbod om å få desse til Sotra for ein ganske gunstig pris. Eposten frå Mossefinn sende Lennart ut til forskjellige kulturaktørar, fortel produsent og kulturoperatør Mona Vindenes til Vestnytt.

Ho, VNR, Lie-gruppa og Fjell kommune med Lennart Fjell i spissen ordna biffen og fekk reali-

sert konserten med Ibrahim Electrics.

Det angra ingen av dei på.

– Det var utruleg. Eg hørte balkan, eg hørte arabiske tonar og eg hørte Doors. Referansane var enorme, seier Mona Vindenes.

Ho visste at det danske bandet var gode, men det dei presenterte i Liaskjærshallen var enormt.

– Då dei såg kor dette skulle gjennomførast og rammane for konserten, så droppa dei å stå på scena. Dei plasserte seg på golvet og leverte ein heidundrandes konsert med eigne forsterkarar, seier Vindenes.

**HO TRUDE IKKJE** det kunne vera mogleg å skapa slik magi på ein søndag kveld.

– Eg er svært glad i Liaskjærshallen. Dei som laga den, visste kva dei heldt på med. Ibrahim Elec-

tric har ein standard som er borti «staur og vegger». Eg sto bakerst og såg på publikum. Der var det ei gruppe menneske eg aldri hadde trudd kunne finna vegen til ein slik konsert på ein søndag. Det var ingen i salen som var vanskeleg å be reisa seg, fortel Mona Vindenes.

Vestnytt klarte ikkje å få tak i Lennart Fjell måndag for ein kommentar.

Han var sikkert opptatt med øyreklokker på hovudet og Ibrahim Electrics på spelaren.

Det skal underteikna gjera i kveld.

KAI SVELLINGEN-FLATEKVÅL  
kai@vestnytt.no

924 11 906



Foto: Kai Svellingen-Flatekvål